

Skriveoppgåver til «Rådebank», sesong 2

Om skriveoppgåvene

Vi har utarbeidd forslag til fleire skriveoppgåver, og her er det sjølvsagt ikkje meininga at de skal jobbe med alle oppgåvene. Dei første oppgåvene kan ein jobbe med etter at elevane har sett heile sesongen, medan dei siste oppgåvene passar det å jobbe med etter den enkelte episoden. Nokre oppgåver kan elevane svare kort på, medan andre oppgåver eignar seg som langsvarsoppgåver. Kanskje kan enkelte oppgåver takast munnleg òg? Her er det du som lærar som må iscenesetje oppgåvene og skape dei rammene som trengst i akkurat din klasse.

Skriveoppgåver som elevane kan arbeide med etter å ha sett heile serien:

- Kva vil du seie at denne serien handlar om? Underbygg det du skriv ved å vise til konkrete hendingar i serien.
- Kva rolle spelar vennskap i serien? Underbygg det du skriv ved å vise til konkrete hendingar i serien.
- Vel deg ein av personane, og skriv ein personkarakteristikk av personen.
- Sjå for deg at du er ein av hovudpersonane i TV-serien, og skriv ei side i dagboka di om korleis du har det i tida etter at Sivert døyr.
- Eit sjølv-mord rommar mange kjensler for dei som står att. Det kan til dømes vere sorg, sinne, angst, depresjon, likegyldigheit og tomleik. Beskriv korleis Glenn-Tore og/eller Hege taklar Siverts sjølv-mord. Kva kjensler kjenner dei på, og kva gjer dei for å komme seg gjennom den første tida?
- Forklar kva for rolle Lollipop spelar i serien. Underbygg det du skriv ved å vise til døme i serien.
- Kva for frampeik og vendepunkt finn du i serien?
- Musikken i «Rådebank 2» spelar ei sentral rolle. Vel deg tre-fem scener der du gir ei skildring av korleis musikken er med på å forsterke innhaldet i serien. (Forslag til scener: St. Hans-feiring på stranda, då GT og Nilsen tar fri og køyrer seg ein langtur, bilkortesen, gravferda ...)
- Korleis sluttar «Rådebank 2», og kva synest du om slutten? Grunngi svaret ditt.
- Kva vil du seie er budskapet i «Rådebank 2»? Og kan vi lære noko av denne serien? Grunngi svaret ditt.
- Ordet «Rådebank» viser til ein ulyd i motoren. Tar ein ikkje raskt hand om rådebank i motoren så blir det dyrt. Kva kan skje dersom vi ikkje snakkar om kjensler? Skriv ein tekst der du tydeleggjer samanhengen mellom rådebank og kjensler.
- Skriv ei melding av sesong 2. [Her er eit døme på ei melding](#) (VG).

- Korleis vil du samanlikne sesong 1 og sesong 2? Kva for tema blir tekne opp i dei to sesongane? Kva er likt? Kva er ulikt? Korleis utviklar personane seg?

Forslag til oppgåver knytt til episode 1-8

EPISODE 1

Sivert bur saman med pappaen sin, og han skal søke på NTNU i Trondheim.

- Kvifor er det så viktig for Sivert å komme inn på sivilingeniørstudiet i Trondheim, trur du?
- Korleis vil du beskrive forholdet mellom Sivert og faren?

EPISODE 2

I episode 2 held Sivert ein appell om ei sak som betyr mykje for han.

- Forklar korleis Sivert bruker *patos* som retorisk verkemiddel i appellen.
- Skriv ein appell om ei sak som engasjerer deg.

EPISODE 3



Foto: Max Emanuelson/Fenomen/NRK

Sivert og Maria gjer avtale om å møtast på bakeriet. Maria, som var til stades ved Sivert sin appell, seier ho vil stille Sivert nokre spørsmål til ein kronikk til forsvar for rånarkulturen.

- Kva brukar Maria dei opplysningane ho får av Sivert til?

- Korleis vil du beskrive samtalan og forholdet mellom Maria og Sivert?

EPISODE 4

Episode 4 er midt i sesongen og utgjør ein sentral del av og eit vendepunkt i sesong 2.

Korte skriveoppgåver:

- Korleis vil du beskrive utviklinga i samtalen mellom Sivert og huseigaren som fekk øydelagt hagen sin? Bruk døme frå dialogen for å underbygge det du skriv.
- På kva måte trur du at telefonsamtalen frå forsikringsselskapet blir eit vendepunkt i serien?
- Kva trur du Sivert skriv på doveggen?
- Sivert kjøper Lollipop og deler ut til gjengen. Korleis tolkar du denne scena?

Bruk tabellen nedanfor til å gi ei skildring av Siverts oppturar og nedturar i episode 1-4.

| Oppturar | Nedturar |
|-----------------|-----------------|
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |

Lengre skriveoppgåver:

- Bruk innhaldet i tabellen til å skrive ein tekst der du reflekterer over korleis desse oppturane og nedturane opplevast for vennene og faren og for Sivert sjølv.
- Bruk det du har funne ut i tabellen til å skrive ein tekst som handlar om å ta gode og dårlege val.

Mot slutten av episoden drar fleire av ungdommane på St. Hans-feiring i fjøra. Feiringa blir avbroten når Glenn-Tore får ein dramatisk telefon frå presten.

- Korleis vil du beskrive denne scena før, under og etter at Glenn-Tore har snakkar med presten? Og korleis får filmskaparane fram endringar i stemninga? Legg særleg vekt på å skildre lydbildet i denne scena.



Foto: Max Emanuelson/Fenomen/NRK

EPISODE 5

I episode 5 besøker Glenn-Tore faren til Sivert.

- Kva legg du merke til i denne scena?
- Skriv korte, reflekterande tekstar omkring desse sitata som er henta frå scena der Glenn-Tore besøker faren til Sivert:
 - «Blomsterhavet vil ingen ende ta»
 - «Flaks at eg har alle desse blomstervasane»
 - «Eg besøkte ikkje ein blomsterhandlar på fleire år»
- Kvifor trur du at Glenn-Tore legg igjen ein beskjed på telefonsvararen til Sivert etter at Sivert er død?
- Ungdomsgjengen samlast på utestaden «Bull inn» for å arbeide seg gjennom sorga etter at Sivert er død. Korleis vil du beskrive samtalen mellom ungdommane, og kva rolle vil du seie at kvar enkelt tar i samtalen?
- Når nokon tar sjølv mord, er det ikkje uvanleg at menneske rundt kan kjenne på skuldkjensle. Skriv ein kort tekst der du reflekterer over om du trur at nokon av personane rundt Sivert har skuldkjensle etter sjølv mordet.



Foto: Max Emanuelson/Fenomen/NRK

Det er ikkje alltid så lett å snakke om vanskelege kjensler. Mot slutten av episode 5 oppsøker Robert (Nilsen) Glenn-Tore.

- Korleis vil du beskrive dialogen mellom Robert og Glenn-Tore?
- Kva for råd ville du ha gitt til Robert om han var vennen din?
- Skriv ein tekst der du reflekterer over kvifor det kan vere så vanskeleg å snakke om kjensler.
- Kvifor trur du at Glenn-Tore seier at dei skal ta ein lang køyretur dagen etter, og korleis synest du at musikken passar til bilkøyings scena?

EPISODE 6 (OG 7)

- Korleis vil du beskrive forholdet mellom Glenn-Tore og faren?
- Skriv ein tekst der du skildrar bilkortesen. Her kan du gjerne beskrive kva rolle musikken spelar i scena.
- Beskriv korleis Hege reagerer på at Sivert er død.

EPISODE 7

- Korleis har Glenn-Tore det i gravferda?
- Kvifor trur du Glenn-Tore ber faren til Sivert om hjelp, og kva trur du dei betyr for kvarandre i sorgprosessen?

EPISODE 8

- Kva skreiv Sivert på doveggen?
- Korleis utviklar forholdet mellom Hege og Glenn-Tore seg? Underbygg det du skriv ved å vise til døme i teksten.
- Korleis sluttar «Rådebank 2», og kva synest du om slutten? Grunngi svaret ditt.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

- [Sidetmedord.no](https://www.sidetmedord.no)
- [Mental Helse Ungdom](https://www.mentalhelseungdom.no)
- [LFSS – Landsforeningen for forebygging av selvskading og selvmord](https://www.lfss.no)
- [LEVE – Landsforeningen for etterlatte ved selvmord](https://www.levestiftelsen.no)

RELEVANTE LENKER:

- [Rådebank](#) (sesong 1, Skrivesenteret)
- [Råning er mer enn bare kjødd, bred dialekt og snusleppe](#) (NRK P3)
- [Bryter stigma og tabu](#) (VG)
- [Maud Angelicas minneord til faren](#) (NRK)